

KONTROLLUTVALET I ØRSKOG KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 1. mars 2017 kl. 15.00

Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av: Knut Helge Vestre

Elles til stades:

Målfrid Sjøstad, Øystein Eide, Kaja Kongsnes og Olav Jan Bårdsgjerde

= **5 voterande**

May Sissel Osvik hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen.

Frå Ørskog kommune møtte ordførar Knut Helge Harstad den første halvtimen av møtet. Rådmann Synnøve Vasstrand Synnes møtte også opp under sak 02/17. Leiar presiserte at rådmannen var part i saka i eit lukka møte. Ho vart derfor bedt om å ikkje ta del i møtet og forlet møtet. Ho presiserte at dersom det i møtet låg føre ein rapport hadde ho krav på å få denne ut i frå eit krav om kontradiksjon. Ordførar sa seg enig i dette. Dagleg leiar opplyste at det ikkje låg føre nokon rapport – berre eit notat frå kontrollutvalsekretariatet til kontrollutvalet. Dagleg leiar opplyste om kravet i kommunelova § 77 nr 6 om å sende ei sak til rådmannen på høyring. Det spesielle i denne saka var at rådmannen truleg var inhabil, men ho ville få høve til å uttale seg som privatperson.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og sakliste.

Det vart meldt inn ei sak under eventuelt.

SAK 01/17

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 19. DESEMBER 2016

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 19. desember 2016 blir godkjent.

SAK 02/17**STATUSRAPPORT VEDKOMANDE SAK-26/16 – AVGRENSA GRANSKING AV ARBEIDSMILJØET I ØRSKOG KOMMUNE**

Saksdokument datert 23.02.2017 frå kontrollutvalsekretariatet.

Leiar reiste spørsmål om å lukke møtet med heimel i kommunelova §31 nr. 2 og forvaltningslova § 13. Lukking av møtet vart bestemt.

Eit internt notat frå kontrollutvalsekretariatet vart delt ut. Dagleg leiar presiserte at notatet ikkje måtte bli distribuert til andre.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vil i neste møte drøfte innhaldet i det interne notatet.

Møtet vart opna.

SAK 03/17**BEKYMNINGSMELDING FRÅ KAJA KONGSNES**

(Saka kom opp under eventuelt)

Bekymringsmeldinga lydde slik:

Vil med dette be om en redegjørelse om hvilken rolle utvalgsleder har hatt i saken der tidligere ordfører ba om fritak fra alle sine verv i Ørskog Kommune. Dette på grunnlag av at utvalgsleder skal ha vært i kontakt med daværende ordfører og oppfordret henne til å søke fritak/ trekke seg.

Leiar ga ei orientering. På bakgrunn av denne orienteringa ga Kaja Kongsnes uttrykk for at saka var opplyst og avklara.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Knut Helge Vestre	Målfrid Sjøstad	Øystein Eide	Kaja Kongsnes	Olav Jan Bårdsgjerde
leiar	nestleiar	medlem	medlem	varamedlem
(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)